



Bjørnafjorden
landbrukskontor
Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Liam Heffernan
Hafskorvegen 130
5640 Eikelandsosen

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/42669	26/3472	Simon Wolff post@bjornafjorden.kommune.no https://bjornafjorden.kommune.no/	Ref.:EQD-4KZ- Skjemanr.:8 00033	29.07.2026

Delegert sak

Styre, råd, utval	Sak nr
Plan-, bygg- og miljøutvalet	675/2026

118/7 - Melding om vedtak etter jordlova - Hafskorvegen 130 - deling/arealoverføring Bjørnafjorden kommune - Liam Heffernan

Vedtak

Bjørnafjorden kommune godkjenner søknad om deling/arealoverføring etter jordlova § 12 frå gnr. 119 bnr. 12 til gnr. 118 bnr. 7.

Tiltaket krev òg handsaming etter plan- og bygningslova.

Samandrag

Det er søkt om deling av ein parsell frå gnr. 119 bnr. 12 med føremål om arealoverføring til gnr. 118 bnr. 7. Arealet ligg i direkte tilknytning til driftseininga på 118/7 og inngår i eit eksisterande beiteområde nytta i sauehald.

Landbrukskontoret vurderer at delinga kan godkjennast då ho ikkje medfører negativ påverknad på landbruket i området, og legg til rette for ei meir rasjonell drift. Arealet vil inngå som ein naturleg del av drifta til Liam Heffernan og Tone Jenny Krokeide, og kan bidra til betre utnytting av beiteressursane.

Mynde

Landbrukskontoret har fått delegert mynde til å handsame søknader i samsvar med jordlova §§ 9 og 12, sjå vedtak i plan-, bygg- og miljøutvalet, sjå sak 04/2023 datert 18.01.23.

Saksutgreiing

Eigedomen



Gardsbruket gbnr. 118/7 ligg ved Nedre Hafskor, med adresse Hafskorvegen 134, Eikelandssosen. Samla areal er om lag 107,2 dekar (kjelde: Gardskartet/NIBIO). Av dette er det registrert 1,8 dekar innmarksbeite, 82,3 dekar produktiv skog, 19,1 dekar anna markslag og 4 dekar bebygd areal.

Eigaren disponerer òg gbnr. 118/3, som er ein naturleg del av driftseininga. Denne eigedomen har eit totalareal på 466,1 dekar, der 8,8 dekar er fulldyrka jord og 12,3 dekar er innmarksbeite.

Liam Heffernan driv med sauehald og søker produksjonstilskot. Gardsbruket er konsesjonspliktig ved sal.

Planstatus

Det aktuelle området for arealoverføring ligg innanfor LNF-område, der arealformålet er landbruksdrift., i gjeldande arealplan.

Gjeldande regelverk

Jordlova § 12 slår fast at deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk, må godkjennast av departementet. § 3 viser til at kommunen, statsforvaltaren og fylkeskommunen har ansvaret for handsaming av landbrukssaker.

Her blir jordlova § 12 tredje ledd lagt til grunn:

«Ved avgjerd om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.»

Vurdering

Landbrukskontoret legg vekt på at parsellen ligg i direkte tilknyting til driftseininga på gnr. 118 bnr. 7, og at arealet etter overføring vil inngå naturleg i eksisterande drift.

Eigedomen gnr. 119 bnr. 12 har eit avgrensa driftsgrunnlag, med totalt 0,5 dekar fulldyrka jord, 4,0 dekar overflatedyrka jord, 5,1 dekar produktiv skog, 23,6 dekar anna markslag og 2,5 dekar bebygd areal. Den omsøkte parsellen ligg ikkje i direkte tilknyting til driftssenteret, men eit stykke unna. Parsellen omfattar om lag 17,1 dekar anna markslag og 5,1 dekar produktiv skog.

Det er ikkje eit vesentleg behov for meir areal ut frå dagens drift isolert sett. Samstundes vurderer kommunen at tiltaket ikkje vil ha negativ påverknad på landbruket i området. Tvert imot vil overføringa kunne leggje til rette for ei meir rasjonell drift, særleg knytt til samanheng i beiteareal og enklare handtering av dyra.

Parsellen ligg i eit område som allereie vert nytta som beite, og vil etter overføring kunne drivast meir langsiktig. Dette bidreg til betre ressursutnytting og styrkar driftsgrunnlaget.

Det er vidare lagt vekt på at arealet ikkje omfattar dyrka jord. Tiltaket kjem difor ikkje i konflikt med jordvern hensyn.



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger

Konklusjon

Samla sett vurderer landbrukskontoret at delinga legg til rette for ei tenleg bruksstruktur og ei driftsmessig god løysing, utan å påføre ulemper for landbruket i området.

Landbrukskontoret vurderer at den omsøkte delinga kan godkjennast, då ho legg til rette for betre arrondering og utnytting av beiteressursane, utan å svekkje ressursgrunnlaget.

Tiltaket krev òg samtykke etter plan- og bygningslova, då eigedomen ligg i LNF-område.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Klagen skal sendast skriftleg til Bjørnafjorden kommune, og vi vil sende saka vidare til Statsforvaltaren i Vestland dersom vedtaket ikkje blir endra. Du kan bruke denne lenka for å sende inn din klage https://skjema.bjornafjorden.kommune.no/skjema/BFK0348/Klage_p_kommunalt_en_keltvedtak.

I klagen skal det gå fram kva vedtak det blir klaga på og kva endringar ein ønsker, og klagen bør ha ei nærmare grunngjeving og andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurdering av klagen.

Dersom du ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet du får grunngjevinga.

Handsamingsgebyr

Til orientering er det eit gebyr på 2 000 kr for handsaming av delingssaker, sjå gebyr og prisliste på heimesida til kommunen. De vil motta eigen faktura for betaling av gebyret. Med vennleg helsing

Simon Wolff
Leder - Landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Kyrre Gildestad	Grimeneset 37	5640	Eikelandssosen
Louise Jebsen Smørås	Grimeneset 37	5640	Eikelandssosen



Bjørnafjorden
landbrukskontor

Bjørnafjorden
Tysnes
Samnanger